

* Mjølkekvote-reglar

Q-meieriene tek til orde for oppmjuking av kvotereglane og større omsetningsregionar. Bondeorganisasjonane fryktar sentralisering og tapping av distrikta.

Fakta

Produksjonsregionar for mjølk

* Bønder kan kjøpe og selje (og leige ut) mjølkekvote til kvarandre, men omsetninga kan berre skje innanfor kvar produksjonsregion. For kumjølk følgjer regionane fylkesgrensene, med unntak av Oslo og Akershus, som er ein region.

* Inntil 80 % av mjølkekvote kan seljast privat. Resten blir kjøpt av staten. Staten betalar 2,50 kr pr. liter, noko som dermed òg utgjer ein minstepris ved kvotesal.

* Prisen på mjølkekvoteane som blir selt privat blir styrt av tilbod og etterspørsel. Prisen varierer kraftig mellom fylka, i det siste stort sett mellom 7 og 2,50 kr pr. liter.

* Blant fylka som pleier ha høg kvotepris er Nord-Trøndelag, Hedmark, Oppland, Rogaland og Østfold, men òg dels Nordland, Finnmark, Sogn og Fjordane og Vest-Agder. Blant fylka som pleier ha låg kvotepris er Buskerud, Hordaland og Troms, men òg ofte Telemark, Aust-Agder og Sør-Trøndelag.

* Ei arbeidsgruppe skal innan 15. febr. vurdere produksjonsregionane for kumjølkvote. Desse sit i gruppa: Håvard Elstrand (leiar), landbruksdirektør Fylkesmannen i Hedmark, Per Skjeflo, Finansdep., Guro Dæhlen, Landbruksdep., Einar Frogner, Bonde-laget, Einar Meisjord, Småbrukarlaget, Ragnhild Frandsplass, Q-meieriene, Cecilie Bjørlo, Tine.



Mjølkejakt: Administrerende direktør Bent Myrdahl i Q-meieriene ønsker seg større mjølkeleveransar til konsernets største meieri på Jæren. Han tek til orde for større regionar for omsetning av

Q-meieriene vil ha friare

Ei arbeidsgruppe nedsett av regjeringa kjem om få veker med råd til om dagens regionar for omsetning av mjølkekvote skal endrast. I dag er det med eitt unntak ikkje lov å selje kvotar for produksjon av kumjølk på tvers av fylkesgrensene. Q-meieriene, som er representert i arbeids-gruppa, tek til orde for friare kjøp og sal av mjølkekvote.

– Vi håper det blir opna for større regionar for omsetning av mjølkekvote. Det vil føre til jamnare pris på kvotar og at ein får utnytte dei kvotane som er tilgjengeleg. Bondene som leverer mjølk til oss seier det ville vore fornuftig med ei naturleg utvikling. Det har vi forståing for, seier

administrerende direktør Bent Myrdahl i Q-meieriene.

– Mange får ikkje kjøpe

Som Nationen nyleg omtalte er Q-meieriene på jakt etter meir mjølk til meieriet i Klepp på Jæren. Rogaland er òg eit av fylka med størst etterspørsel etter mjølkekvote og høgast pris i kvotemarknaden. Myrdahl stad-festar at han gjerne ser føre seg at Vest- og Sørlandet blir ein kvote-region, men han vedgår at spørsmålet er omstridd.

– Viss vi får mjuka opp kvote-grensene, vil sannsynlegvis produksjonen auke på Jæren. Det er ei betent sak, men mange bønder er frustrerte over at dei ikkje får

kjøpe ledige mjølkekvote. Det har vi forståing for, seier han.

Myrdahl seier det er viktig å gjere landbruket mest mogleg robust og seier han trur på ei «for-nuftig oppmjuking».

– Vi trur ikkje det er lurt at alt blir flytta til Jæren, men det er ille at nokre ikkje får selt kvoten medan andre ikkje får kjøpe, seier Myrdahl, som seier bønder treng langsiktige investeringsvilkår.

Fryktar sentralisering

Bondeorganisasjonane åtvarar mot at mjølkeproduksjonen vil bli sentralisert og at jord kan gå ut av drift om regionane for mjølke-kvotar blir større.

– Vi er skeptiske til for store

kvoteregionar. Grensene er med på å sikre at mjølkeproduksjonen blir vidareført i heile landet der ressursgrunnlaget er. Vi kan vere med å diskutere ulike løysingar, men vi må i størst mogleg grad sikre mjølkeproduksjon i heile landet, seier leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag.

Bartnes seier Bondelaget øn-

MJØLKEFORDDELING

«Det er fornuftig å dyrke korn der forholda ligg til rette for det og nytte gras langs fjordar og fjell til mjølkeproduksjon.»

LARS PETTER BARTNES, LEIAR I BONDELAGET

sker eit «relativt høgt tal på regionar». Han viser til at samanslå-inga av Østfold, Vestfold, Akershus og Oslo til ein kvoteregion i 2004 seinare blei oppheva.

– Grunnen var at mjølkekvote-ne i dei andre fylka blei kjøpt opp av bønder i Østfold. Slike vurde-ringar må ein ta nå, seier Bartnes.

Eit forslag skal vere å ha ein re-





mjølkekvotar og det han kallar ei «fornuftig oppmjøking» av grensene.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

mjølkekvotesal

gion for Trøndelag. Bartnes seier konsekvensane må vurderast grundig. Forslaget til Q-meieriene om ein region for både Sør- og Vestlandet fell ikkje i god jord.

– Alt i dag hamnar mange av kvotane i Rogaland i sentrale delar av fylket. Om Hordaland og Agder skal inn i same region fryktar vi meir sentralisering av produksjonen, seier Bartnes.

Han seier konsekvensen kan bli at jord i distrikta går ut av drift.

– Det er fornuftig å dyrke korn der forholda ligg til rette for det og nytte gras langs fjordar og fjell til mjølkeproduksjon. Det gir størst mogleg matproduksjon i Norge, seier han.

Leiar Merete Furuberg i Norsk

Bonde- og Småbrukarlag fryktar meir jord vil gå ut av drift om kvoteregionane blir større.

– Grensene er der for å spreie produksjonen slik at vi får nytte arealet. Vi fryktar at større regionar vil føre til ei sentralisering og at jord går ut av drift, seier ho.

Ho seier konsekvensen kan bli at meir av mjølka blir produsert på importert kraftfôr og soya. Furuberg seier Småbrukarlaget er imot sal og kjøp av mjølkekvotar.

– Vi er einige med Q-meieriene i at ulike prisar mellom fylka er ei utfordring, men vi vil heller ha bort kjøp og sal av kvotar. Det er ei fordyrande ordning og uheldig for rekrutteringa, seier Furuberg, som heller vil ha tiltak for å sikre

auka bruk av norske ressursar.

Tine, som òg er representert i arbeidsgruppa, seier det er veldig viktig å behalde ei kvoteordning, men at dei er villige til å sjå på tilpassingar. Direktør Johnny Ødegård i Tine rådgjeving og medlem seier han trur nokon overvurderer kva rolle kvotereglane har.

– Det viktigaste for å sikre produksjon i heile landet er å sikre god økonomi i mjølkeproduksjonen i heile landet, seier Ødegård.

– Vil bli tappa for mjølk

Arnstein Tømmerås, som er ein av aktørane som driv med formidling av mjølkekvotar, seier ei samanslåing til større kvoteregionar vil få konsekvensar.

– Mjølkekvotane vil bli kjøpt opp og flytta til fylka som har høgast kvotepris i dag, medan fylke med låg kvotepris vil bli tappa for mjølk. Det trur eg ikkje det er nokon tvil om, men prisen mellom fylka vil bli jamna ut, seier han, som meiner det òg vil få konsekvensar for distriktspolitikk og busetting.

Han seier prisen for kjøp av mjølkekvote i dag varierer frå 7 kroner til 2,50 kroner per liter. Buskerud, Hordaland og Troms er ifølgje Tømmerås blant fylka der det er få som vil kjøpe kvote og der prisen dermed er låg.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

KOMMENTAR

Kato
Nykvisst

kato.nykvisst@nationen.no

Melke- kanalen

Det er lett å forstå hvorfor Q-meieriene vil ha større kvoteregioner. Å konsentrere melkeproduksjonen rundt meieri-anleggene og de største markedene gir muligheter for mer effektiv og rasjonell drift. Da er det klart at det er hensiktsmessig for Q-meieriene å sentralisere melkekua.

Men det som er smart industri-logikk, er ikke nødvendigvis god landbrukspolitikk. En av bærebjellene i norsk landbruk er arbeidsdelingen mellom de ulike produksjonene. Prinsippet er at det skal dyrkes korn der dette er mulig, mens husdyrproduksjonen legges til områder der graslet gror.

Det er dette som på fint kalles kanaliseringspolitikken. Den har bidratt til både å holde en relativt høy norsk kornproduksjon og et levedyktig landbruk i distriktene. Eller sagt på en annen måte: En har klart å holde mer jordbruksareal i drift enn hva man ellers ville klart, med de konsekvensene det har for bosetting og kulturlandskap over hele landet.

Rokker man ved denne arbeidsdelingen, vil husdyrene etter hvert spise seg inn på de arealene som i dag brukes til kornproduksjon. Resultatet vil etter alt å dømme bli at jordbruksarealer i distriktene forsvinner ut av produksjon, og at selvforsyningsgraden på norskprodusert mat reduseres.

Den norske kjøtt- og melkeproduksjonen vil bli mindre kostnadskreven, men desto mer avhengig av kraftfôr. En landbruksproduksjon som blir stadig mer lønnsom fra gårdsbrukenes ressursgrunnlag, vil dessuten tape legitimitet. Argumentene for å beskytte norsk matproduksjon svekkes.

Regler må selvsagt tilpasses samfunnsutviklingen, men her bør myndighetene lytte nøye til innvendingene fra bondeorganisasjonene.

Kato Nykvisst er politisk
redaktør i Nationen